



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1734 - 14/21825

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
25.09.2014

Klage på gebyr - bruk av regulativ i forhold til avslag på rammeløyve gbnr 196/139 Midtgård

OVERSENDING TIL FYLKESMANNEN FOR KLAGEHANDSAMING

Det vart gjeve avslag på søknad om dispensasjon og rammeløyve journalført 25.02.2014 i vedtak datert 29.08.2014.

Vedtaket er klaga på av ansvarleg søker/tiltakshavar i brev datert 01.09.2014. Klagen gjeld bruken av gebyrregulativet i forhold til avslag på rammeløyve. Storleiken av gebyret er ikkje påklaga og vert ikkje vurdert her. Det vert vist til klagen i sin heilskap.

Det aktuelle gebyrregulativet som skal nyttast i samband med saka er vedtatt av Lindås kommune som forskrift i medhold av plan- og bygningsloven § 33-1, og er gjeldende frå 01.01.2014.

Gebyrregulativet av 01.01.2014

I gebyrregulativet 01.01.2014 går det fram av avsnitt A.6 «Klage på gebyr» at «Fylkesmannen er klageinstans for enkeltvedtak gjort i medhald av dette regulativet for gebyr etter plan- og bygningslova. [...] Det kan ikkje klagast på at gebyrregulativet vert brukt, berre på feil bruk».

Til klagen

Klaga hevder at når det er gjeve avslag på søknad om dispensasjon frå plan, så er det ikkje grunnlag for å realitetshandsame søknad om rammeløyve.

Klaga meiner altså at at kommunen bruker gebyrregulativet feil når det gis gebyr for å avslå ein dispensasjonssøknad og gebyr for å avslå søknad om tiltak i same sak.

Kommunens vurdering



Spørsmålet her er om kommunen etter gebyrforskriften kan gi gebyr for søknad om rammeløyve og søknad om dispensasjon. Dispensasjonssøknaden vart ikkje handsama som eigen sak forut for resten av byggesaka. Det vart med andre ord teke ein realitetshandsaming, og det er på dette grunnlag at kommunen har rekna seg fram til gebyret.

Lindås kommune sitt vedtak datert 29.08.2014 vert oppretthaldt.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd. Saksdokumenta er vedlagt. Kopi av gebyrregulativet av 01.01.2014 er også vedlagt.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Stadfesting av motteken klage - Klage på gebyr - bruk av regulativ i forhold til avslag på rammeløyve - gbnr 196/139 Midtgård

Klage på gebyr - bruk av regulativ i forhold til avslag på rammeløyve gbnr 196/139 Midtgård

Klage på gebyr- bruk av regulativ ved avslag dispensasjon og rammeløyve gbnr 196-139 Midtgård ATT00001.

Avslag på søknad om dispensasjon og rammeløyve for oppføring av tomannsbustad - gbnr 196139 Midtgård
Gebyrregulativ for 2014

Kopi til:

Reigstad Bygg AS

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen